

TOG

Frå Oslo til Bergen på 4 timar?

■ 17. november la Forum Nye Bergensbanen fram rapporten «Fra fly til togeffekt av Oslo–Bergen på 4 timer. Den konkluderer med at tog kan få ein marknadsandel på 55 prosent av totalen fly/tog. Eg trur det er vel optimistisk. Trafikktal frå Jernbaneunionen (UIC) og Kungliga Tekniska Högskolan i Sverige syner at reisetid 4 timar gjer toget ein andel på om lag 40 prosent.



I rapporten om tog Oslo-Stockholm frå Jernbanedirektoratet og svenske Trafikverket kom dei fram til ein andel på 43 prosent for tog, gitt reisetid 3 timar og 55 minuttar og 12 avgangar per dag og retning. Altså meir i tråd med internasjonale tal og klårt under Nye Bergensbanen.

Nye Bergensbanen peiker på at med prosjekta Arna–Stanghelle (Voss) og Ringeriksbanan/E16 kjem reisetida ned i 5 timar. Rapporten skriv og at med utbetringar Voss–Hønefoss, samt gunstige passeingstider, kan reisetida koma ned i 4 timar. Det meiner eg blir litt for enkelt.

Fjerntogstrategien frå Jernbanedirektoratet syner ei reisetid på 5:45 i grunnrute med 7 avgangar og eit nattog per dag og retning. I tillegg rekna dei det som mogleg med eitt ekspresstog per dag på 5:10 med halvparten så mange stasjonsopphald. Truleg vil eit anslag på 5:30 i grunnrute og 5 timar med ekspres ikkje vera veldig feil, medrekna dobbeltspor Stanghelle–Voss. Skal det vera noka meining i budskapen om 4 timar Oslo–Bergen og at tog tar inntil 55 prosent av marknaden tog/fly, vil det vere naudsynt med betydelege utbyggingar også på dei 300 kilometrane Voss–Hønefoss.

For Jernbane meiner det då trengst ei konseptvalutgreiing på kva som bør vera den framtidige primære jernbanekorridoren mellom Austlandet og Vestlandet. 4 timar høyrest tilforlatelig ut, men vil ha klårt lågare klima- og energigevinst og svakare økonomi enn 3 timar. 4 timar er òg for svakt om Bergensbanen skal konkurrere med ein 4-felts E134 med same køyretid, slik Nye Veier har illustrert, ein veg som òg vil ta knekken på Sørlandsbanen til Rogaland.

Kjell Erik Onsrud
leder av For Jernbane
leder@jernbane.no